



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 15.03.2017
Vår ref.: 2014/1015-26
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref. :16/20658-4

Uttale - forslag til utbyggings- og finansieringsopplegg for RV 555 Sotrasambandet

Fylkestinget handsama 7.3. 2017 «Sotrasambandet, Rv555 (Storavatnet – Kolltveit), sak 17/17, og gjorde slikt vedtak:

«1. Med atterhald om tilslutnad frå høringskommunane, går fylkestinget inn for følgjande utbygging- og finansieringsopplegg for Rv555 Sotrasambandet (Storavatnet - Kolltveit):

- *Utbygging av Rv 555 Sotrasambandet skal delfinansierast med bompengar. Innkrevinga skjer i begge retningar i automatiske bomstasjonar på ny og eksisterande Rv 555 (prinsipp 3) i tråd med tidlegare vedtak.*
- *Det er lagt til grunn at gjennomsnittstaksten ved opninga av ny Rv 555 Sotrasambandet vil bli på 39,50 kr i 2017-prisnivå. Det er førebels lagt til grunn at dette vil gje følgjande takstnivå både på ny og eksisterande veg:*
- *49 kr for takstgruppe 1 (køyretøy inntil 3 500 kg inkl. køyretøy i køyretøygruppe M1) i bomstasjonane.*
- *98 kr for takstgruppe 2 (køyretøy over 3 500 kg ekskl. køyretøy i køyretøygruppe M1), dvs. at takstgruppe 2 betaler det dobbelte av takstgruppe 1.*
- *Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt ved bruk av brikke og gyldig avtale. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt ved bruk av brikke.*
- *Detaljert takstopplegg vil bli tatt stilling til når det nærmar seg opning av veganlegget. Miljødifferensierte takstar vil vere aktuelt, dvs. at køyretøy som forureinar mykje betalar høgare takst enn køyretøy som forureinar lite. Det er ein føresetnad at eventuell miljødifferensiering ivaretar finansieringsforpliktingane som er skisserte i denne saka, jf. øvrige vedtakspunkt.*

- *Bompengerperioden blir sett til 20 år frå opning av den nye vegen.*
 - *Dersom bompengeinntektene blir lågare enn føresett, kan gjennomsnittstaksten aukast med inntil 20 pst. utover prisvekst og bompengerperioden forlengast med inntil fem år.*
 - *Det blir føresett samla brutto bompengeinntekter på 7,0 mrd. 2017-kr. Dette skal dekke lånerenter, kostnader til innkrevjing og drift av selskapet og bidraget til bygging av Sotrasambandet (bompengebdraget). Bompengebdraget vil bli fordelt på ei utbetaling ved opninga av vegen og deretter løpande utbetalningar fordelt over 20 år. Bompengebdraget utgjer bompengeselskapet sine plikter knytt til utbygginga.*
 - *Det blir lagt til grunn at takstar og kostnader skal prisjusterast med SSB sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til opninga av vegen og deretter med SSB sin konsumprisindeks.*
2. *Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.*
3. *Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengjast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene.»*

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Thorbjørn Aarethun
Seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Saksframlegg - Sotrasambandet